

*Den eldre
Edda*

Den eldre Edda

☞ *Den eldre Edda* er nemninga på dei aller eldste skriftene frå norrøn litteratur. Ordet «edda» tyder oldemor og indikerer at vi har med gammal dikting å gjere.

☞ *Den eldre Edda* er ei samling av helte- og gudedikt (om lag 30) som vart funnen på Island i 1643. Ingen av eddadikta er signerte av namngitte forfattarar.

☞ Det er vanleg å dele eddadikta inn i to grupper: gudedikt og heltedikt.

☞ Eddadikta fortel om gamle dagar. Forskarane trur at mange av eddadikta kan vere skrivne i Noreg, men dei er nedskrivne på Island.

☞ Stoffet i eddadikta er først og fremst henta frå mytane, det vil seie den norrøne mytologien. Gudane i den norrøne mytologien står sentralt i eddadikta, og dikta fortel oss at menneska på denne tida hadde eit enkelt forhold til Odin og Tor. Du kan lese om den norrøne mytologien ein annan stad i Tidslinja.

☞ Dei tre mest kjende dikta frå *Den eldre Edda* er «Voluspå», «Trymskvida» og «Håvamål».



«Voluspå»

☞ «Voluspå» er eit gudedikt om skapin-
ga av jorda, kva som fører til jordas under-
gang og om sjølv undergangen, som blir
kalla *ragnarok*. Det er ei spåkvinne (*vol-
ve*) som snakkar til oss gjennom diktet.



*Her er volva framstilt på eit frimerke
frå Færøyane.*

«Trymskvida»

☞ «Trymskvida» er eit gudedikt som handlar om jotunen Trym som stel hammaren til Tor. Tor må ha hjelp av den listige Loke for å få hammaren igjen. Hammaren er både eit forsvarsvåpen og eit fruktbarheitssymbol for æsene, derfor er det særst viktig for Tor å få han tilbake. Men trass i at gudane altså må løyse eit alvorleg problem, er handlinga skildra med mykje humor.

*«Tor strir
med jotnane»,
eit målarstykke
av Mårten
Eskil Winge*



«Håvamål»

☞ «Håvamål» tyder «den høges tale», det vil seie at det er Odin som taler. «Håvamål» er på mange måtar eit læredikt, og det er Odin som gir råd og livsvisdom til menneska i eit samfunn som er fylt av fiendskap og farar.

☞ Råda vi får gjennom «Håvamål» kan verke kyniske. Det gjeld ikkje berre å vere ein lojal og god venn, ein skal også vere listig og lur. Det er viktig å stole på eiga dømmekraft i eit samfunn med mange farar. Å lite på andre er det berre toskar som gjer. Dikta formidlar ein heidensk nyttemoral.

☞ Det er 80 strofer i «Håvamål». Kvar strofe har seks linjer som er bundne saman med bokstavrim (alliterasjon).



*Vatn og handduk
han ventar å få,
når til bords han vert beden.
Syn godlaget fram,
så greileg du kan,
med ord og attbeding.*



Helgedikt

☞ Helgedikta i *Den eldre Edda* fortel segner som har røter heilt attende i folkevandringstida. Dikta levde på folkemunne i mange hundre år før dei vart nedskrivne. Fleire av heltegjerningane har overmenneskelege dimensjonar. Heltane kjempar både mot ytre farar og mot sitt indre samvit.

☞ Eitt av helgedikta i *Den eldre Edda* fortel om Sigurd Fåvnesbane. Denne segna finn vi att i heile det germanske språkområdet, mellom anna i det tyske helgediktet «Nibelungenlied».

☞ Sigurd blir fostra av dvergen Regin. I diktet «Reginsmål» får vi høyre om skatten som draken Fåvne vaktar på. Fåvne er

bror til Regin, og skatten er arven etter far deira, Reidmar. Men Fåvne nektar å dele med bror sin. Da eggjar Regin Sigurd til å drepe Fåvne. Han smir om sverdet Gram, som Sigurd har arva etter faren. Med dette sverdet skal han kjempe mot draken.



På Hylestad stavkyrkje er segna om Sigurd framstilt.

☞ «Fávnesmål» fortel korleis det går til når Sigurd drep Fávne. Før Fávne døyr, rår han Sigurd til å dra heim utan skatten fordi gullet kjem til å bli hans bane. Dessutan átvarar han Sigurd mot Regin.

☞ Etter at Fávne er død, vil Regin ete hjartet til Fávne. Han ber Sigurd steikje hjartet til Fávne over eit bål. Sigurd tek på hjartet for å kjenne om det er fullsteikt. Da brenner han seg, stikk fingeren i munnen og får Fávnes hjarteblood på tunga. No kan han forstå fuglemål. Fuglane fortel at Regin planlegg å svike han. Da drep han Regin, tek med seg mykje gull frå Fávnes bol og rir deretter av garde.

Norrøn tekst	Omsetjing
21. Sigurðr kvað: «Ráð er þér ráðit, en ek ríða mun til þess gulls, er í lyngvi liggr, en þú, Fáfnir, ligg í fjörbrotum, þar er þik hel hafi.»	21. Sigurd kvad: «Råd du meg rådde, men ride eg vil til gull som i lyngi ligg; men du, Fávne, heve helorann fengi, til Hel deg heim fører.»
22. Fáfnir kvað: «Reginn mik réð, hann þik ráða mun, hann mun okkr verða báðum at bana; fjör sitt láta, hygg ek, at Fáfnir myni; þitt varð nú meira megin.»	22. Fávne kvad: «Meg svikráð gav Regin, han svikráð gav deg med, han vert oss bæe til bane; livet lata lyt no Fávne, meisteren min du vart.»

